



## Notat

Dato: 25.03.2015  
Arkivsak: 2015/85-12  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Busstopp på E39 Heiane vest/sør industrifelt Stord

På møte i samferdselsutvalet den 18. mars 2015 stilte representanten Alf Helge Greaker (V) fylgjande spørsmål.

*På Heiane Vest (Stord) har fleire større verksemder etablert seg på næringsareala langs E39, og området er i fortsatt utvikling. Per i dag er det ingen busstopp mellom Digernes og Heiane Nord/Sør, kor avstanden mellom sistnemnde og Heiane Vest er over 20 minutters gange (1,6-1,9 km). Dette er utanfor det som er rekna som god tilgong til kollektivtilbod. Erfaringa med andre tilpassa arbeidsruter er god, men det forutsett godt lokaliserte haldeplassar. Det er alt ein undergong under E39, frå austsida.*

*Har fylkeskommunen fått nokon henvendelse frå Stord kommune i denne saka? Kan fylket gå i dialog med vegeigar, Skyss, Stord kommune og andre relevante partar for å etablere haldeplass ved Heiane Vest?*

Bømlo kommune har i brev til Statens vegvesen bedt om at det vert etablert busstopp ved Heiane industriområde. Statens vegvesen har i svarbrev til kommunen (vedlagt) gjort greie for at det ikkje er budsjettmidlar til dette inneverande år. E39 er ein del av riksvegnettet og er såleis Staten sitt ansvar. Tiltaket ligg inne i handlingsprogrammet til NTP, men det er så langt ikkje løyvd midlar. Administrasjonen har tek spørsmålet om løyving opp med Statens vegvesen, og tilbakemeldinga er at det er for tidleg å seia noko om løyvingane i resten av NTP-perioden.